Tilrettelegging for bruk av IKT på skolen?	4,6	4,6
Lokalitetane på skolen? (Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skolen si plassering mm.)	4,8	4,8
Undervisningsutstyret på skolen?	5,0	5,0
Samarbeid med arbeidslivet?	5,3	5,3
Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?	4,5	4,5
I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?	4,7	4,7


Kor nøgd eller misnøgd er du med organiseringa og framdrifta i opplæringa?




Kor nøgd eller misnøgd er du med det faglege nivået på opplæringa?





I kva grad er du nøgd med graden av variasjon i arbeidsmetodar i undervisninga?



I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i emnet?





Leiinga si vurdering til kvalitetsmeldinga for avdeling helse

Psykisk helsearbeid og rusarbeid

Det er høgare svarprosent i årets undersøking enn tidlegare år.

1. Psykisk helsearbeid og rusarbeid 100%, 11 svar.
2. Psykisk helsearbeid og rusarbeid 70%, 14 svar.

Førsteårsstudentane er gjennomgåande misnøgde med studiet, unnateke eigen innsats. Andreårsstudentane er gjennomgåande meir nøgde med studiet.

1. psykisk helsearbeid /rusarbeid

Avvik frå kvalitetsnorma:

Læringsmiljø, undervisning og arbeidsmetodar har vore utfordrande gjennom skoleåret. Det er sett inn tiltak for å betre dette. Jamlege møte mellom tillitsvalte, klassen, lærar og avdelingsleiar. Klassen har bytt klasserom fleire gongar grunna byggjeaktivitet med mykje støy. Byte av lærarar av ulike grunnar.

Tiltak:

Me held fram med jamlege møte for å kartleggje utfordringar og set i verk tiltak fortløpande. Tiltaksplan vert utarbeidd før nytt skoleår i samråd med klassekoordinator og klassens lærarar.

2. psykisk helsearbeid/rusarbeid

Avvik frå kvalitetsnorma:

Studentane er misnøgde med organisering av praksistida. Dette skuldast at det er vanskeleg å få praksisplassar – det er gledeleg å sjå at studentane likevel er nøgde med utbyte av praksistida si. Det er eit kontinuerleg arbeid med å betre tilgangen på praksisplassar. Me kjempar om plassane med vidaregåande skolar, fagopplæringa, høgskolar, universitet og andre institusjonar.

Tiltak:

Det arbeidast kontinuerleg med praksisplassar og samarbeid med aktuelle aktørar. Avtaler er sjølvstøtt med i dette arbeidet.

Rehabilitering

Det er høgare svarprosent i årets undersøking enn tidlegare år.

Rehabilitering 100%, 6 svar.

Klassen skårar svært høgt.

Avvik frå kvalitetsnorma: ingen.

Tilleggskommentar:

Det fysiske miljøet har vore utfordrande grunna byggjearbeid og inneklima. Klassen har av den grunn bytt klasserom fleire gongar for å betre tilhøva.

Fråfall studentar 1. semester - sjå alle helseutdanningane.

Spesialreinhold og sterilforsyning

Klassen har 88 % svarprosent, 14 svar.

Avvik frå kvalitetsnorma: ingen.

Klassen skårar høgt.

Tilleggscommentar:

Klassen har hatt ulike lærarar gjennom skoleåret av ulike grunnar. Det har vore naudsynt å byte klasserom mange gonger grunna helseutfordringar med inneklima hjå studentar og lærarar.

Alle helseutdanningane:

Første semester var det stort fråfall av studentar. Fleire studentar kjende arbeidsmengda for stor i høve til kva dei venta seg.

Tiltak komande skoleår:

Kartleggje etter innføringsveka kva som trengs av ekstra ressursar i høve til IKT-ferdigheiter. Gje tilbod om ekstra timar til dei som ynskjer.

Samarbeid med arbeidsliv styrkjast.


Alle klassar skal ha minst eit foredrag/ekskursjon/omvising med relevans for studiet. Dette er nedfelt i studieplan i alle utdanningane i helse ved Fagskolen i Hordaland.

Studieplanar nyttast meir aktivt i planar for undervisninga.



3.18 LOKAL MATKULTUR


Svarprosent:

1. LOKAL MATKULTUR	
Besvart	70% (7)
Ikke besvart	30% (3)




Kor mange timer i veka arbeider du med studiet utover ordinær skoletid?






PROJECT TYPE - BASISGRUPPE TEXT	1. LOKAL MATKULTUR	Total
Korleis vurderer du som student din eigen innsats i utdanninga?	4,6	4,6
Kor godt kjenner du studieplanen for utdanninga?	3,9	3,9
I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med studieplanen for utdanninga?	4,1	4,1
Tilrettelegging for bruk av IKT på skolen?	4,3	4,3
Lokalitetane på skolen? (Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skolen si plassering mm.)	5,3	5,3
Undervisningsutstyret på skolen?	4,9	4,9
Samarbeid med arbeidslivet?	4,6	4,6
Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?	4,9	4,9
I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?	4,7	4,7


Kor nøgd eller misnøgd er du med organiseringa og framdrifta i opplæringa?




Kor nøgd eller misnøgd er du med det faglege nivået på opplæringa?



I kva grad er du nøgd med graden av variasjon i arbeidsmetodar i undervisninga?



I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i emnet?



Leiinga si vurdering av kritiske verdiar for lokal matkultur

Lokal matkultur er nytt studietilbod 2018-2019. Skolen har ein nettklasse med no ti studentar. Utdanninga held til på studiestad Hjeltnes.

Sju av ti studentar har svart på undersøkinga. Svarprosent på 70 er litt under kvalitetsnorma. Me må arbeida for å nå høgare svarprosenten neste år.

Denne klassen skårar totalt sett høgt på undersøkinga, men betring er mogleg.

71% av studentane svarar at dei arbeidar 3-6 timar i veka utover ordinær skoletid. Innsatsen mellom samlingane bør aukast.

Kjennskap til studieplanen skårar 3,9. Det er noko lågt.

Tiltak for betring: Klassekoordinator gjennomgår studieplanen to gonger i året. Lærarane bør jamleg trekkja fram studieplanen og knyta arbeidsstoffet til studieplanen for eksempel ved starten av nye tema.

Skår 4,1 på neste spørsmål tyder likevel på at studentane stolar på at lærarane legg opp undervisninga i samsvar med studieplanen.

Utstyr og annan infrastruktur skårar frå 4,3 til 5,3. Studentane på studiestad Hjeltnes har svært gode studietilhøve.

Samarbeid med næringslivet skårar 4,6. Så høg skår skuldast truleg fleire vellukka bedriftsbesøk og førelesarar utanfrå. Dette må halda fram.

Det totale læringsmiljøet skårar 4,9. Det er leiinga godt nøgd med.

Når det gjeld undervisninga, er det høge skår bortsett frå for emne 2 yrkesretta realfag som skil seg negativt ut med skår på 2,0 og 2,4. Dette har me visst lenge, og saka har vore drøfta med studentane. Påtenkte tiltak er fyrst og fremst å vinkla matematikk, biologi og kjemi direkte mot matfag. Komande år vil lærarar som underviser i andre emne også dekkja dei fleste tema innan realfaget. Sidan det ikkje finst eigna lærebøker, vert det ei oppgåve for lærarane å laga materiell til emnet.

For dei andre emna vekslar skårane mellom 4,1 og 5,3, som tyder tilfredsstillande eller god måloppnåing. Graden av variasjon i arbeidsmetodar er lågast av desse med skårar mellom 4,3 og 4,6. Med erfaringa frå dette skoleåret tenkjer me at lærarane kan lukkast endå betre på dette feltet komande år.


Leiinga er godt nøgd med fyrste året for lokal matkultur sjølv om ikkje alt var på plass til skolestart.

Me ser av kommentarar frå studentane at skolen sitt flotte utstyr som digitalt klasserom og anna utstyr kunne vore betre utnytta. Studentane vil få oppleva framgang på dette feltet komande år når lærarane kan dra nytte av erfaringane og opplæringa frå dette skoleåret.


4. LÆRARVURDERINGAR

4.1 TOTALRAPPORT GENERELLE SPØRSMÅL


1.1 Korleis vurderer du heile skolen sin studieplan for denne utdanninga?



2.1 Korleis vurderer du undervisningstilbodet i denne utdanninga ved skolen siste skoleår?







Leiinga si vurdering av lærarundersøkinga

Lærarundersøkinga har ein svarprosent på 92. Sjølv om målet er 100%, er leiinga nøgd med resultatet.

For dei aller fleste spørsmåla er svara over kvalitetsnorma, og for ein god del spørsmål er det god måloppnåing.

På spørsmålet om det totale læringsmiljøet er skåren 4,5; 0,5 over kvalitetsnorma og 0,1 over undersøkinga frå fjoråret.

Spørsmålet om i kva grad samarbeider du godt med næringslivet innan ditt fagfelt skårar 3,9 og er 0,1 dårlegare enn førre året. Tilsette og leiinga må halda fram med arbeidet for å nå betre resultat på dette feltet.

Leiinga er godt nøgd med totalresultatet i lærarundersøkinga.

5. SENSORVURDERING


Alle kommentarar frå sensorar er teken med uavkorta.

5.1 Sensorvurdering eksamen




Kommentarar frå sensorane:

- Det er fordi jeg ikke skal ha før eksamen. Jeg fikk de på torsdag, så jeg kjenner oppgavene.
- Til dette skjema. Her er ingen spørsmål etter emne og utdanning?
- Det er ikke min oppgave å godkjenne eksamen, men jeg fikk eksamen til gjennomsyn.



Ver vennleg å utdjupe di samla vurdering:


- For meg nå virker de greie, men jeg har ikke begynt å sensurere ennå
- Sett oppimot studieplanen, vurderer eg dei som relevante og gode.
- Jeg synes de tilsendte eksamensoppgavene samsvarer bra med emneplanen og har en tilpasset arbeidsmengde mellom Materiallære og Kjemiteknikk.
- Eksamenssettet har tilstrekkeleg bredde. Nokre av oppgåvene er slik at eksaminanden kan løysa dei raskt og enkelt, eller visa djupare forståing ved grundigare framgangsmåte. Dette gjer evalueringa av besvarelsene sikrere.
- Eksamensoppgaven gir en svært god dekning av de aktuelle tema, og er også meget relevant i forhold til læringsutbyttebeskrivelsen.
- veldig relevant ift pensum i begge skoleår
- Oppgavene var greie, p-delen var veldig åpen, og de fleste gjorde det bra på denne delen. D-delen var mer utfordrende for studentene, det var et fåtall av studentene som hadde med teori i besvarelsen. Ca 80% av besvarelsene hadde ikke gjort oppgave f, det kan ha vært oppgaven, men det kan også være noe med plasseringen.
- Oppgaver er relevant og dekker faget på en god måte.
- Høveleg utval av oppgavetyper.
God variasjon av vanskegrad.
God kreativitet i nokre av oppgåvene.
- Eksamen var litt for lang og omfattende for tilmålt tid.
- Oppgave 5 vart misforstått av mange studentar.
- Godt varierte oppgaver, som samstundes skiljer bra mellom prestasjonane.
- Høveleg variasjon i oppgaveutvalet. Ein del utfordringar som skiljer bra mellom prestasjonane.



Ver vennleg å utdjupe vurderinga di:


- Realfag som verktøy er til dels tydeleg ivaretatt.
- Studentene viser resultater som er i tråd med læringsutbytte beskrivelsene og de aktuelle kulepunktene i temaene.
- De får prøve seg i et relevant prosjekt
- De viste gode kunnskaper på p-delen, med d-delen var nok mer utfordrende.
- Ser ut at svar viser godt samsvar mellom planmål og eksamenssvar.
- Stort sett bra, men nokre studentar har visse problem med å anvende teoretiske metodar på praktisk orienterte oppgåver.
- Dei fleste syner godt grep på problemløysing av praktisk beskrevne oppgåver.
- Litt svak innsats i oppgaver som krev forståing av meir praktisk beskrevne problem.

5.2 Sensorvurdering hovudprosjekt



Ver vennleg å utdjupe vurderinga di:

- Dei fleste prosjekta var lite omfattande og ga ikkje store utfordringar reint fagleg. Men alle prosjekta vart gjennomførte på ein god måte. Samarbeidet i gruppene har fungert heilt tilfredsstillande og rapportane var fylldige med forklaringar og vedlegg slik ein kan forventa.
- Alle hovudprosjektene var gode og relevante for utdanningen
- Hovudprosjekt som undervisningsform er relevant for den type arbeid mange studenter kommer til å utføre.
Omfanget er passelig stort
Formen på muntlig eksamen er god. Det er satt av 30 minutter til hver student, noe som er passelig mye.
Noe vage retningslinjer for hva som skal gi uttelling på karakteren (hva vi skal "se" etter).
- Relevante, store tema som er omhandlet på solide og skikkelige måter. Ingen beregningsoppgaver dette året.
- Mange gode prosjekt. Nyanser: Automasjon realiserer flere prosjekt i forhold til Elkraft som har flere "teorioppgaver".
- Mange fine oppgaver som er svært relevant for næringa.









Ver vennleg å utdjupe vurderinga di:


- Utanom faget prosjektstyring viste ingen noko fordjupning i dei ulike faga. Problemstillingane var kanskje noko enkle, men det hadde vore vanskeleg å få tak i høvelege prosjekt.
- De fleste oppgaver har godt samsvar mellom vist kunnskap og studieplanen. Men enkelte har etter min mening for liten teknisk innhold i problemstillinga til at bredden i utdanninga belyses.
- Det er aktuelle tema i alle oppgavene jeg har evaluert. Studentene bruker det de har lært på skolen, og har i tillegg gått vidare og oppsøkt fagmiljø som har løftet et par av oppgavene til meget sterkt nivå.
- Studentene får brukt kunnskapen fra skolen, og må ofte "strekke seg litt" for å få gjennomført prosjektet.

5.3 Sensorvurdering frå maritime utdanningar

1. Blei du informert om retningslinjer for sensurering i forkant av oppdraget?



7. Er arbeidsmengda riktig i høve til aktuell eksamenstid?



Eventuelle kommentarer om arbeidsmengd

- Dette var en eksamen med stor arbeidsmengde.
- For omfattende teori.
- For mye arbeid; studenten har ingen mulighet til å vurdere/tenke, skal være satt av tid til det.
For omfattende teori.
- Passe arbeidsmengde.
- Kunne være litt mer omfattende.

Viss du har andre kommentarer, kan du skrive dei inn her.

- For mye arbeid for vurdering eller korrigere feil hvis nødvendig.
- Oppgave 2: Uklar med kurs over TSS.
Oppgave 1: Dagbokføring; stor oppgave for noen som er ikke veldig relevant. Stor forskjell i dagbok i praksis.
- Eksamen ledelsesnivå matte var svært lett.
- Oppgave 1: Starter i feil ende, noe som gjør at studenten bruker unødvendig mye tid.
- Eksamen var for enkel. Mangler oppgaver som er egnet til å få frem kompetanse/ferdigheter/kunnskap på A og B nivå.
- Oppgave 1 ligger vel nærmere ledelsesnivå. Fin utfordring.

Kommentarer frå leiinga

Leiinga er godt nøgd med sensorane sine vurderingar og tilbakemeldingar.


I kommentarane frå sensorane for maritim utdanning les me både om for omfattande teori og for mykje arbeid og svært lett oppgåve.

Oppgåvene i maritim utdanning er felles for alle maritime fagskolane. På den årlege lærarkonferansen for maritime fagskolar er eksamen eit sentralt tema. Tilbakemeldingar innmelde til MARFAG FS vert tekne opp der.



6. TILBAKEMELDING FRÅ ARBEIDSLIVET

Spørjeskjema vart sendt til 30 kontaktar. 14 har svart, 3 har svart på nokre spørsmål. Spørjeskjemaet blei sendt ut etter dialogmøtet 27. mars 2019 og inneheld også spørsmål om dialogmøtet.






Eg deltok ikkje på dialogmøtet:



Kommentarar til fellesdelen

- Innlegga frå tidlegare studentar var svært bra og med overføringsverdi på tvers av fag! Fleire av dei andre var lite relevante.
- Flott med presentasjon fra studenter og NHH
- Varierende kvalitet og relevans. Studentprosjektene var svært inspirerende og gode!



Kommentarar til parallellsesjonen

- Bra det som var, men vi var for få.
- God diskusjon, alle deltok og det var felles enighet om at samarbeid og utvikling er viktig.

Har du andre kommentarar til Fagskolen i Hordaland?

- Ser fram til samarbeid og vidare utvikling av fagtilbodet.
- ikke noe spesielt, men ønsker et 3. år på VGs i Bergen som går på fordypning i kokkefaget.
- Kan også bidra som en møteplass for skole, bedrifter og politikere for å avstemme kompetansetilbud og -behov med politiske beslutninger. Gjelder ikke minst morgendagens behov i lys av teknologiutviklingen og som driver av denne (maritimt, marint, energi, infrastruktur m.m.)
- Bra med ein slik dag som viser hva fagskolen kan bidra med, og hva den er.
- For å møte ungdommen med miljøperspektivet, bør temaet inn på fagplanen i alle fag, slik at det de blir belært med eksisterende og planer for fremtidige tiltak innenfor det faget de har valgt. (Er usikker på om det allerede er på plass, men da er det jo greit :-)

Kommentarar frå leiinga

Skolen arrangerte i mars eit dialogmøte med samarbeidspartnarar frå arbeidslivet. Representantantar frå ein del av våre samarbeidspartnarar deltok saman med leiinga og andre frå skolen, også studentar.

Skolen har atskilleg fleire samarbeidspartnarar enn dei som har svart. Skolen vil arbeida for å ha betre kontakt med samarbeidspartnarar gjennom året, og vonar med det også å oppnå høgare svarprosent.

Dei første spørsmåla skil seg ut med røde felt. Skolen kan invitere fleire bedrifter til skolen for å presentere seg for studentane, og studentar kan vitja fleire bedrifter. Leiinga og lærarar bør følgja opp dette. Det hadde vore fint om fleire studentar kunne hatt hovudprosjekt hjå samarbeidsbedrifter. Leiinga ser ein samanheng mellom desse svara og heller låge skårar på spørsmålet om kontakt med næringslivet i studentundersøkinga.

Svara på dei andre spørsmåla og kommentarane er positive, både for samarbeid og for dialogmøtet. Dette er leiinga nøgd med.

Samanlikning mellom undersøkinga frå førre året og i år viser nokså lik stode.

Skolen må halda fram med det arbeidet som vert gjort på dette feltet og ha som mål eit tettare samarbeid med arbeidslivet. Samarbeid med arbeidslivet bør få ein større plass i skolekvardagen. Skolen har dessutan ei oppgåve i å marknadsføre internt kva som vert gjort.

7. TILBAKEMELDING FRÅ STUDENTRÅDET

Kommentarar frå studentrådet er skrivne av Thomas Rimmereide, studentrådsleiar 2018/2019.

Korleis har samarbeidet mellom studentrådet og leiinga på skolen fungert?

Samarbeidet har fungert veldig bra, og har egentlig ikke noen merknader på det. Dialogen har vært med Giulia (Giulia Casella, administrasjonsleiar. Red.anm.).

Korleis har arbeidsmiljøet for studentane vore?

Opplever arbeidsmiljøet stort sett greit. Det er selvfølgelig forskjell på hvordan nettstudentene oppfatter det, og heltid. Generelt arbeidsmiljø mellom nettklasser og heltidsplasser var det ikke noe av.

Kor mange studentrådsmøte har det vore, og har det vore godt oppmøte?

Vi hadde totalt 4 studentrådsmøter med gjennomsnitt 12 personer som kom. Litt uheldig med ene datoen.

Kva har vore viktige saker gjennom året?

Viktigste saken var medlemskap i Sammen. I tillegg til bruk av midler.

Har du kommentarar til studentundersøkinga?

Håper det ble bra oppslutning. Koppene hjalp nok. Ellers for heltidklassene er nok å sette av tid best, mens nettstudentene burde bli oppfordret til det på samlinger, men ikke sette av tid til det.

Andre kommentarar:

Ikke andre kommentarer enn at jeg tror Sebastian (Sebastian Hennig, påtroppande studentrådsleiar. Red.anm.) kommer til å gjøre en god jobb.

8. AKTUELLE SAKER FOR SKOLEÅRET 2018/2019

KS-arbeidet

Det har vore gjort eit stort arbeid med kvalitetssikring/KS dette skoleåret. Ny modul for presentasjon av skolen si nettside blei innført hausten 2018. Den nye modulen har ei mykje betre nettløysing slik at ein lett kan ta opp dokument uansett kva plattform ein er på (PC/nettbrett/mobil). Link på skolen si heimeside til KS-systemet er også på plass.

Brukarmanual for innrapportering er blitt utarbeidd. Denne er distribuert til lærarar og studentar. Klassane er blitt informert om KS-systemet anten av KS-leiar eller avdelingsleiar. Det vil bli gjeve informasjon om KS-systemet årleg når nye studentar kjem. Me ønskjer å få opp innrapportering av avvik/betringsforslag/driftsmeldingar der dette er naudsynt slik at skolen kan bli betre og for å kunne dokumentere handsaming av innrapporteringa på ein meir synleg måte.

Alle dokument som ligg på nettsida er oppdaterte med rette logoar og er blitt gjennomgått av ansvarleg avdelingsleiar og rektor.

Det er ønskjeleg å sjå på bruk av andre modular som Risikostyring/Risikoanalyser og Årshjul og handlingsplan. Dette vil bli presentert for leiargruppa i slutten av september 2019 før avgjersler blir tatt.

KS-leiar har delteke på fleire kurs og seminar om kvalitetsarbeid og internkontroll.

Revisjonar

Det har skoleåret 2018/2019 vore fleire eksterne og nokre interne revisjonar på Fagskolen i Hordaland. Då fleire av godkjenningane gjekk ut på nokolunde same tid, blei dette året eit hektisk år med revisjonar. Revisjonane kravde ein god del oppdateringar i forkant og seinare innlegging av avvik og observasjonar med aksjonar og tidsfristar.

Revisjonar gjennomført:

15. november	SDIR, revisjon av kvalitetsleiingssystemet hjå FiH, maritime utdanningar, Nordnes og Nygård
11. og 13. desember	DNV GL revisjon, Nordnes og Nygård
4. mars	SDIR, Utstysrevisjon Austevoll
28. mars	Internrevisjon 1. Dekkoffiser, Nygård
24. april	Internrevisjon 2. Maskinoffiser, Nygård
29. og 30. april	DNV GL revisjon, ny standard, Nordnes og Nygård
6. mai	DNV GL revisjon, ny standard, Austevoll
14. juni	SDIR, Revisjon kurssenteret, Nygård
18. juni	Revisjon av ekstern leverandør, UNIKO AS, Fedje

Dei maritime utdanningane vart godkjende etter revisjonane. SDIR og DNV GL melde tilbake om nokre få avvik og observasjonar. Alle avvik vart handsama og lukka medan nokre observasjonar frå siste revisjon er under handsaming.

Ny fagskole på Laksevåg frå 2023?

I perioden januar til mars deltok alle tilsette ved studiestadene Nordnes og Nygård i brukargruppemøte saman med representantar frå Norconsult med formål å utarbeida rom- og funksjonsprogram for nytt skolebygg for Fagskolen i Hordaland på Laksevåg. Ein del tilsette deltok i fleire grupper. Studentrådet var også engasjert i dette arbeidet. Det var stort engasjement og nyttige refleksjonar rundt korleis Fagskolen i Hordaland kan få eit moderne og tenleg skolebygg for alle i skolesamfunnet. Det er levert inn gode forslag for alle typar rom eit skolebygg skal innehalde samt uteområde. Det er vidare levert forslag til korleis me ønskjer at undervisningsrom og bibliotek skal vera.

Me veit førebels ikkje kva utfallet vert i denne saka.

Auka kvalitet i utdanninga med digital satsing

Sertifisering, fase 2

I juli 2018 fekk skolen tildelt 3 mill. kroner i støtte frå Kunnskapsdepartementet til å vidareføre prosjektet «Eg e-lærer». E-prosjektet har, i tillegg til oppgradering av utstyr og fornying av lisensar, hatt eit klart hovudfokus på det pedagogiske arbeidet. Utgangspunktet for sertifiseringa var aksjonslæring, der lærarane har delteke på kurs og utført utviklingsprosjekt som omhandlar digitalisering av eiga undervisning. Erfaringane frå utviklingsprosjekta har blitt presentert for kollegiet. Prosessen førte til sertifisering Nivå 2: Pedagogisk bruk av IKT.



FAGSKOLEN I HORDALAND
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Eg e-lærer

Nettlærer, Nivå 2: Pedagogisk bruk av IKT

Kandidaten har oppnådd følgende læringsutbytter:

Kunnskaper

- Reflektere over hvordan IKT kan brukes i egne emner.
- Reflektere over hvordan digitale verktøy kan effektivisere læring og undervisning, samt kan brukes for å oppnå differensiert/ tilpasset opplæring.
- Forklare hvordan IKT kan brukes effektivt til kontinuerlig veiledning og tilbakemelding (individuelt og kollektivt).
- Kunnskap om Fagskolen i Hordaland sine publiseringskanaler på nett (LMS- It's Learning, One Note (Office 365), YouTube, Google Disk (G-Sulte for Education)).

Ferdigheter

- Gjøre bruk av synkrone/asynkrone samarbeidsverktøy som for eksempel samskriving, webkonferanse, diskusjonsforum, delingsarenaer og sosiale medier i undervisning.
- Organisere og tilrettelegge for læringsfellesskap mellom studenter ved hjelp av digitale verktøy.
- Gjøre bruk av de digitale klasserommene i undervisning.
- Utvikle og publisere videoer til bruk i en pedagogisk kontekst.
- Finne og bruke åpne digitale læringsressurser som andre har delt.
- Reflektere rundt egen undervisningspraksis.

Generell kompetanse

- Kunne utarbeide og evaluere digitale undervisningsopplegg med fokus på høy kvalitet og studentenes læringsutbytte.
- Er bevisst på hvordan IKT og ny teknologi fører til endringer for læring, vurdering og undervisningspraksis.
- Kan sette teknologi og IKT inn i en pedagogisk og didaktisk sammenheng.
- Kan drive aktiv klasseledelse i teknologiske miljøer.

Arbeidsform og læringsaktiviteter

- Deltagelse på kurs og workshops.
- Holde seg oppdatert og arbeide med fagstoff og aktiviteter i fagrommet *Nettlæreren*.
- Gjennomføring og evaluering av egne digitale undervisningsopplegg.
- Arbeide med sertifiseringsoppgave 2.

Obligatoriske arbeidskrav
Sertifiseringsoppgave 2: Pedagogisk bruk av IKT. Refleksjoner rund utviklingsprosjekt gjennomført i egen klasse.
Presentasjon av prosjekt.

Eg e-lærer

SERTIFISERINGSBEVIS

Nettlærer
Nivå 2: Pedagogisk bruk av IKT

FAGSKOLEN I HORDALAND
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

BERGEN, 20. JUNI 2019

Torbjørn Tvedt
Rektor

Kjersti Bruvold Klokke
Prosjektleder

Figur 1 Sertifiseringsbevis

Samarbeidsprosjekt

Bransjeprogram for privat sektor – Industri og byggenæring, *Verftsindustrien på Stord*.

Bransjeprogram for offentlig sektor – Helse- og omsorgssektoren, *Fagskoleutdanning innen velferdsteknologi og digital kompetanse*.

Regjeringa løyvde 30 millionar kr til eit bransjeprogram for etter- og vidareutdanning i statsbudsjettet.

FIH skal saman med verftsindustrien på Stord utvikle fagskolemodular på maskinfaget.

Tildeling: kr 6 390 000.

Tidsperspektiv: Skoleåret 2019-20. Søknad er sendt NOKUT.

FIH skal i samarbeid med Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Voss kommune og USHT Hordaland utvikle fagskolemodular innan helsefag.

Tildeling: kr 3 500 000.

Tidsperspektiv: Skoleåret 2019-20. Søknad vert sendt NOKUT so snart som mogleg hausten 2019.

Investeringar - nye prosjekt

FIH har søkt og fått tildelt kr 4 355 000 til innkjøp av digitalt laboratorium.

FIH har søkt og fått tildelt kr 1 120 000 til utarbeiding av digitale læremiddel for ny utdanning, klassisk bygningshandverk og restaurering.

Fagskolen i Hordaland - søkt om fagområdeakkreditering

Fagskolen i Hordaland har søkt NOKUT om fagområdeakkreditering for bygg og elektro. Me ventar på svaret frå NOKUT.

Ny utdanning

Utdanninga Klassisk bygningshandverk og restaurering er nå godkjent av NOKUT. Utdanninga startar opp hausten 2019 med ein klasse.

Deltaking i nasjonale prosjekt

Fagskolen i Hordaland har også dette året vore representert i nasjonale prosjekt i regi av Kunnskapsdepartementet:

Ekspertutvalget for etter- og videreutdanning - Kompetanse Norge

Nasjonalt samordna opptak for fagskoler - UNIT

Studiebarometeret for fagskoler - NOKUT

Overgangsordningar mellom fagskole- og ingeniørutdanningar - UHR-MNT

Samarbeid med næringslivet og det offentlege

Skolen er mellom anna representert i klyngesamarbeid på Vestlandet saman med GCE Ocean Technology, NCE Maritime Cleantech, NCE Seafood, Gode Sirklar, FKINØK (Framtidas kunnskapsklynge i nye Øygarden kommune), kor målsettinga er tverrfagleg samarbeid mellom det private næringsliv, det offentlege og utdanningsinstitusjonar.

Konferansar

Dei aller fleste lærarane i maritim utdanning og nokre frå leiinga deltok hausten 2018 på lærarkonferanse for maritime utdanningar i Trondheim arrangert av MARFAG FS.

I april deltok dei fleste lærarane og nokre frå leiinga på Vestlandskonferansen i Balestrand. Denne konferansen er for tekniske utdanningar. Fagskolen i Hordaland, Fagskulen Sogn og Fjordane og Fagskolen i Ålesund samarbeider om denne årlege konferansen.

9. LEIINGA SI OPPSUMMERING AV SKOLEÅRET 2018/2019

Skoleåret 2018-2019 har på mange vis vore eit godt år for Fagskolen i Hordaland. Det er svært god søknad til dei fleste utdanningane ved skolen, og gjennomstrømming og fullføring av utdanninga er god. Lærardekninga var også god fram til fleire lærarar før sommaren søkte og fekk attraktive stillingar i næringslivet.

Det har vore ei positiv utvikling for fagskoleutdanninga/høgare yrkesfagleg utdanning frå styresmaktene si side og frå organisasjonslivet. Endringar i fagskoleloven har gitt studentane fleire rettar. Studentane er særleg opptekne av at utdanninga gjev studiepoeng og at fagskolestudentar no er medlem av studentskipnaden Sammen. Dette er saker studentane og Organisasjon for Norske Fagskolestudenter har arbeidd lenge for.

Stortinget og regjeringa har vist at dei satsar på fagskoleutdanning ved å løyva store pengesummar til utviklingsprosjekt og til Bransjeprogrammet som mellom anna FiH skal bidra i. Det blei gjort eit viktig arbeid med Bransjeprogrammet i vår, og dette arbeidet skal følgjast opp skoleåret 2019-2020.

Me merkar i skolekvardagen at Fagskolen i Hordaland no er ein stor skole (ca 1200 studentar og ca 130 tilsette) med fleire studiestader rundt om i Hordaland. All offentleg fagskoleutdanning i Hordaland er samla på FiH. Leiinga ser fordelar med det, men sjølvstøtt også utfordringar. Det tek tid og krev innsats å skapa ein einheitleg skole. Me legg opp til nokre felles samlingar i året, på nokre av planleggingsdagane og på vitnemålsutdelinga. I tillegg har me nokre sosiale samlingar, vanlegvis kombinert med fagleg arbeid, presentasjonar av prosjekt lærarane har utført eller førelesingar og kompetanseheving.

Dette året har det vore gjort eit stort arbeid med kvalitetssikring/KS-system, og no er systemet klart for bruk for alle i skolesamfunnet. Arbeid med KS står att og vil verta viktig framover.

FiH fekk godkjent ei ny utdanning i 2018-2019. Utdanninga Klassisk bygningshandverk og restaurering startar no i haust.

Nesten alle lærarane har delteke i E-læringsprosjektet og har blitt sertifiserte som Nettlærar, Nivå 2. Dette har auka den pedagogiske kompetansen, særleg for nettundervisning. Skolen får jamleg nye tilsette, så E-prosjektet held fram.

Stor innsats har vore gjort skoleåret 2018-2019 for å oppnå høgare svarprosent på studentundersøkinga. Innsatsen gav resultat, med ein svarprosent på 77, litt over målet vårt. Det resultatet er leiinga godt nøgd med. Innsats på dette feltet nyttar, så for komande år skal me stå på for å oppnå høg svarprosent i alle klassane.

Det er mykje positivt i svarea frå studentundersøkinga totalt, og på dei fleste spørsmåla har skolen nådd eller er nær kvalitetsmålet. Målet om 4,5, god måloppnåing, ligg foran oss, og me skal arbeida for betre resultat neste skoleår.

Mål og tiltaksplan for skoleåret 2018 – 2019

Mål

Fagskolen i Hordaland skal arbeide aktivt og systematisk for å:

1. redusere fråfallet mellom fyrste og andre semester.
2. utvikle eit positivt og godt læringsmiljø, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6 i høve til studentane og lærarane sin tilfredsheit med det totale læringsmiljøet.
3. informera og arbeide med studentane om kva læringsutbytte dei skal oppnå i løpet av studia, og oppnå ein gjennomsnittsskåre som ikkje er lågare enn 4,5 på spørsmål om studentane sin kjennskap til emneplanen (studieplanen).
4. auka kjennskapen til fagskuleutdanningane.
5. betre kvalitet og yrkesrelevansen i utdanningane i takt med endringar i arbeidslivet.

Tiltak for å nå mål 1:

- Tilby ekstraundervisning i realfaga, og gje studentane eit innføringskurs/studieteknikk-kurs gjennom e-læringskurs før skulestart.

Tiltak for å nå mål 2:

- Gjennomføring av tiltak for å forbetre lokala på Nordnes og Nedre Nygård i høve til ventilasjon og vedlikehald.
- Sosiale tiltak for alle klasser ved skulestart.
- Klassekoordinator skal gjennomføre klassemøter for undervegs evaluering av læringsmiljø og klassemiljø.
- Gjennomføre del 2 av e-pedagogisk kompetansehevingsprosjekt.

Tiltak for å nå mål 3:

- Sikre at studieplan og emneplan er eit gjentakande tema i undervisninga.
- Studentane skal involverast meir i studieplanarbeid.

Tiltak for å nå mål 4:

- Fortsette marknadsføring om fagskolen.
- Auka kontakt med arbeidslivet.
- Meir hospitering blant lærarane.

Tiltak for å nå mål 5:

- Gjennomføre del 2 av e-pedagogisk kompetansehevingsprosjekt.
- Forbetre og få på plass fleire samarbeidsavtalar.
- Meir hospitering blant lærarane.
- Tilbakemeldingar frå studentane og tidlegare studentar om yrkesrelevans.
- Økt bruk av LAB og simulatorar ved å timeplanfeste aktiviteten, samt lage meir lab- og simulatoroppgåver.
- Timeplanfeste ekskursjonar ol.
- Gjennomføre kompetansekartlegging av alle tilsette

Andre tiltak for å følgje opp kvalitetsbrest ved utdanningane

- Følgje opp rutineane for å gjennomføre studentevalueringa – auke svarprosent
- 100 % svarprosent frå lærarane er forventa i lærarevalueringa, dette må tas opp i fellesmøter ol., samt under medarbeidarsamtalene.
- Vurdere spørsmåla i studentevalueringa i høve til skåre på tilfredsheit med samarbeid med arbeidslivet nokre hovudpunkt
- Arbeide med å vise til LUB i undervisninga.
- Inneklima skal følgjast opp av styret og skulen, og det skal tas vidare til skuleeigar
- Innan helsefagutdanningane skal det arbeidast vidare med betre tilgang til praksisplasser og profilering av tilboda gjennom meir dialog med kommunane og helseføretak.

(Handsama og vedteke i styremøtet 15.10.19)

Kommentarar frå leiinga på kvalitetsmåla:

Alle utdanningane har tatt i bruk dei vedtekne kvalitetsmåla og dei tilhøyrande tiltaka som del av betringsarbeidet. Resultata er kommentert under den einskilde utdanninga og i leiinga sine kommentarar.

Her i oppsummeringa kommenterer leiinga nokre hovudpunkt.

Alle heiltidsklassar har fått tilført ekstra timar til realfag i 1. termin.
Alle nettklassar har fått tilført ekstra timar til realfag i 1. og 2. termin.
Ved skolestart vert det jobba med studieteknikk og gitt naudsynt opplæring i IKT.

Det har vore gjort noko vedlikehaldsarbeid for å betra det fysiske miljøet på studiestadene Nordnes og Nygård, men dette er ikkje godt nok. For å nå merkbare resultat treng skolen hjelp frå HFK Eigedom.

Sosiale tiltak ved skolestart har alle klassar hatt. Klassekoordinatorane gjennomfører klassemøte for undervegs evaluering av læringsmiljø etter oppsett plan.

Skolen har gjennomført del 2 av e-pedagogisk kompetanseprosjekt.

Klassekoordinatorane skal to gonger i året gjennomgå studieplanen med klassen. Studentrådet har vore noko involvert i studieplanarbeid. Studentrådet skal trekkjast inn viss ei avdeling skal endra studieplanen.

Me marknadsfører skolen i ulike samanhengar. Me jobbar for auka kontakt med arbeidslivet. Student- og lærarundersøkinga viser at det er naudsynt å gjera meir i denne saka.

Aukt bruk av lab og simulatorar og utarbeide meir lab- og simulatoroppgåver. Her er det gjort eit bra arbeid ved nokre av utdanningane. Meir skal gjerast.

Timeplanfesting av ekskursjonar vert gjort ved nokre utdanningar.

Kompetansekartlegging av alle tilsette er ikkje gjennomført, men tilsette registrerer nyoppnådd kompetanse i Personalportalen.